



Årsmelding for Austevoll Idrettsklubb 2020.

Hovudstyret i Austevoll Idrettsklubb er sett saman av valde representantar frå gruppene våre + leiar.

Hovudstyret 2020:

Leiar – Morten Mortvedt

Nestleiar - Torbjørn Karlsen

Veronika Møgster

Anita Aasebø

Ole Inge Møgster

Wenche Blix

Linn Benedicte Johansen Våge

Varamedlemmer:

Alf Helge Møgster og Magdalena Hevrøy Storebø

Valkomité: Sigve Drønen, Ina Tøkje, Katrine Ringdal, Kjetil Kolbeinsvik er varamedlem.

Kontroll komité: Svein Arne Kalvenes og Siv Haukanes

Revisjon: Advisor Revisjon As - Ann-Mari M Juvik

Tilsette i Austevoll Idrettsklubb.

Dagleg leiar Anne Berith Drønen har vore i 100 % stilling og har delteke på hovudlagsmøta. Ho har hovudansvar for drift av klubben og drift av Austevollhallen for Austevoll kommune. I tillegg drifta ho lågterskeltilbod og all idrett

Annette Horne Tøkje har 30 % stilling i administrasjonen, med ansvar for symjing. Stillinga har vore lagt under symjegruppa, men betalt av hovudlaget.

Fotballen har fått tildelt 40 % stilling til administrasjon av gruppa. Dei har vald å dela opp denne stillinga i 30% administrasjon, og 10 % sportsleg leiar, som og blir dekka av hovudlaget.

Anders Tøsse fekk 30% stilling fast 1.08.20. Trond Fredrik Ludvigsen held fram i 10 % stilling som sportsleg leiar.

I tillegg har fotball og symjing nokre tilsette trenarar i gruppene sine.

Tilsette har møterett på hovudlagsmøta, men ikkje stemmerett.



Medlemer:

Austevoll Idrettsklubb hadde i 2020 758 medlemer, noko som er ein nedgang på 39 stk.

Medlemstalet er avhengig av kva aktivitet dei ulike gruppene har. 2020 vart dessverre eit år prega Covid-19 restriksjonar med lite aktivitet i mange grupper.

Mange av våre medlemer er med i fleire grupper i klubben, noko som er viktig for allsidigkeit.

Av medlemsmassen vår er det 56% menn og 44 % kvinner.

Fotballgruppa vår er den største gruppa med 377 medlemer i 2020.

	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26 -	Total
Kvinner	26	171	77	3	54	331
Kjønn	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26 -	Total
Menn	29	184	120	24	70	427
						758

Styret og klubben sitt arbeid:

I 2020 var det første gong me hadde årsmøte på Teams i tillegg til fysisk oppmøte.

Hovudstyret har i år hatt 6 styremøte. Det vart handsama 43 saker.

Klubben har i år hatt desse gruppene:

Badminton, fotball, klatring, volleyball, skøyter, turn, symjing, friidrett og allidrett/ barnetrim. På årsmøtet vart det vedteke at klubben skulle melde oss ut av Norsk Amerikanske forbund, Bandyforbundet og Orienteringsforbundet. I desse gruppene hadde me ikkje hatt aktivitet på fleire år.

Fellesprosjekt i Austevoll Idrettsklubb:

Me har jobba med å få drift av klubben betre etter alle lover og reglar som gjeld i idretten. Her er målet at me skal drifta klubben i lag, og vera ein klubb der alle kan høre til. I løpet dei siste åra har me fått på plass klubbhandbok, etiske retningsliner, beredskapsplan ved seksuell trakassering. Me har også utarbeidd HMS plan som er planlagt implementert i 2021.

Klubben hadde ein del open hallprosjekt i 2020, der enkelte grupper har vore aktive.

Me er glad for endeleg å ha samla klubben når det gjeld kle. 01.01.20 kom fotballgruppa inn i avtala klubben signerte i 2019.



Årsmelding Austevoll Idrettsklubb 2020

Økonomi

Austevoll Idrettsklubb hadde i 2020:

Driftsinntekter:	kr	4 576 975
Driftskostnader:	kr	3 325 308
Resultat før avskrivningar:	kr	1 251 667
Avskrivningar:		383 300
Driftsresultat:		868 367
Årsresultat:		753 195

Medlemskontingensten utgjorde kr 841 981 og utgjer ca 18,39 % av all inntekter.

Austevoll Idrettsklubb har eit lån på spelemediane til Austevollbadet på kr 3 392 000.

Me har fått ein del Covid-19 midlar i 2020 for tapte inntekter. 2021 kan bli eit kritisk år p.g.a. av Covid-19.

Anlegg:

Då Norge vart Covid-19 stengt 12. mars, vart heile idrettsnøreg råka. Alt ble stengt ned på dagen, og me visste ikkje kva som ville skje vidare. Hallen vart stengt på dagen, og alle sto utan treningstilbod. Heldigvis hadde kommunen sett av pengar til skifte av golv i Austevollhallen. Dette var eit samarbeid mellom kommunen og AIK, der me dekka 1/3 av kostnadane. Me hadde lyst å få hallen skikkeleg opprusta, og tok på oss å mala heile hallen. I dei finaste sommardagane stilte badminton og klatring opp for å få malingarbeidet utført før golvet kom. Det var mykje meir arbeid enn me hadde sett for oss og det gjekk med ca. 400 dugnadstimar totalt. I tillegg hadde kommunen sett av pengar til LED lys i hallen og dette vart også installert før golvet kom. Så hausten 2020 kunne me invitera til «nye hallen».

No manglar me berre eit lager, slik at me kan få lagra alle tinga me har i hallen. I dag blir dessverre mykje øydelagt, då me ikkje har noko god lagringsplass.

Alle dugnadar og planar på anlegg ute vart lagt på is då Covid-19 kom.

Velgjerande føremål

Klubben har i fleire år gitt vekk klede og utstyr som klubben ikkje har trong for lenger. I år har me gitt til Uganda. Fleire kunne ikkje ta imot i år, p.g.a. av stengde grenser.



Arrangement 2020

5 Januar hadde skøytegruppa Austevollsprinten på Slåtthaug.

13. februar hadde me Trygg på Trening foredrag med Smiso. Dette var eit samarbeid med Hundvåkøy IL og Selbjørn IL

1. februar hadde me open hall

19. februar hadde me innandørs friidrettsstemne.

19. februar hadde me bowlingkveld og handlekveld i hallen

I veka 9 hadde me 2 dagar med open hall i vinterferien

7 mars arrangera Symjegruppa Austevoll Open

12-14. august vart Tine Fotballskule gjennomført.

September/oktober fekk endeleg Friidrettsgruppa gjennomført Nestlelekene, som hadde blitt utsett nokre gongar p.g.a. av Covid-19. 30. september kunne me endeleg arrangera Austevoll-lekene. I oktober og utover hausten blussa Covid-19en opp igjen og Austevoll-løpet måtte avlyast for første gong på 38 år. Dessverre blei fotballen sine arrangement Austevollserien og Julacupen og avlyst.

Støttespelarar

Mange bedrifter i Austevoll og utanfor er med å støtta vårt arbeid i klubben. Ein del støtter ei gruppe, medan andre støtter alle gruppene våre. Me er takknemlege for alle som er sponsorar på drakter og klede, som støttar med skiltrekklame, som gjev gåver til klubben, gjev støtte til å dekke lån og avdrag, og dei som sponsrar produkt til våre arrangement.

Alle som tippar kan velja å gi 7 % av omsetninga til ein organisasjon.

Austevoll Idrettsklubb hadde 358 spelarar som støtta klubben i år. Desse pengane går til å vidareutvikla anlegga våre og er tidlegare brukt til friidrettsanlegget, skifta til kunstgras på grasbana og oppgradera klubbhuset.

I år brukte me av desse midlane for å dekka vår andel av golvet i Austevollhallen.

Desse midlane skal komma alle i Austevoll til gode.

Hordaland Fylkeskommune har gitt bidrag til opne anlegg, til open hall i helger og feriar.

Sparebanken Vest har gjeve pengar frå Covid-19 fondet sitt. I tillegg har me fått bidrag til golvet i Austevollhallen.

Austevoll kommune er og ein god og viktig støttespelar for oss som klubb. Saman jobbar me mykje betre enn kvar for oss.

Stine Konradsen i kommunen har vore ein god ressurs og støttespelar for oss.



Gruppene:

Turn - Her har me aerobic damene våre. Nokre spreke damer med lang livserfaring, som veit kor viktig det er å halda seg i form. Desse 11 damene seier at dei ikkje hadde klart seg utan Helga Rabben sin torsdagstrim. Dei har sidan hallen opna i 2005 vore i speglalen for å trena kvar torsdag. Dessverre sette Covid-19 ein stopp for treninga deira i mars og, men dei fekk starta oppatt i september og kunne trena fram til desember 2020, dei tok då med eigne matter heimefrå og halldt seg til smittevernreglane.

Allidrett/Idrettskule 1.- 4. klasse - her er det Hanne Haugland og Anne B. Drønen som har vore trenarar i 2020, men med utruleg god hjelp frå gruppene våre. Pga. av Covid-19 fekk ein berre vera 20 stk. på trening i haust.

Barnetrim 0-5 år starta oppatt i fjor, der Malin Vassnes Skår og Veronika Toft tok på seg å organisera dette. Kvar tysdag myldra det med store og små i hallen. Dessverre tok denne og ein brå slutt når Covid-19 kom.

Open hall for ungdom dessverre berre nokre få gangar før ein stengde ned. Dette tilbodet vart aldri opna igjen p.g.a. av Covid-19.

Skøyter - Starta med Austevollsprinten på Slåtthaug i Januar, dette er ein tradisjon frå mange år attende. Elles har dei ingen aktive utøvarar.

Badminton held fram med å vere eit svært populært tilbod i AIK. Dette synest styret i badmintongruppa er veldig gledeleg. Det kjem inn stadig nye utøvarar. Berre i haust har det starta 22 nye. I dag har gruppa 55 deltakrarar. Desse er delt mellom 12 vaksne og 43 barn og ungdom. Gruppa har til saman 4 treningar i veka. Til vanleg reiser dei på både lokale turneringar og landsturneringar. Nokre av utøvarane hevdar seg godt nasjonalt, og under ungdoms-NM i februar kom dei til kvartfinale både i damedouble og i mix.

Endeleg har gruppa sitt ynskje gått i oppfylling. Dei har fått nytt golv i hallen og oppmerking av 7 baner. Dette har gjort ein stor forskjell i treningskvardagen. Med så mange utøvarar i sving er det viktig med tilgjengelege banar. Det har vore helt supert å trena på det nye golvet og med nytt lys i haust.

Slutten av førra sesong og i starten på denne har for badmintongruppa, som for alle andre, vore sterkt prega av verdssituasjonen. Covid-19-pandemien har ført til mange avlysingar av turneringar og ein lengre periode utan moglegheit for å kunne trena. No håper berre gruppa på at situasjonen skal roa seg, og at vår-sesongen kan by på mange gode og spanande kamper og turneringar.



Årsmelding Austevoll Idrettsklubb 2020

Fridrettsgruppa har som all anna idrett hatt redusert aktivitet i år grunna Covid-19. Fram til mars hadde gruppa treningstilbod for 2.trinn og oppover, og det var ei stabil gruppe på trening leia av Nina Møgster, Margrethe Njåstad, Silje Halstensen. I slutten av februar hadde gruppa Austevollsmeisterskap i lengde og høgde utan tilsprang i Austevollhallen. I midten av mars blei all treningsaktivitet stengt ned. I slutten av april starta ein forsiktig opp igjen med trening for den gruppa som regelmessig har delteke på stemner i og utanfor kommunen. I perioden juni-august var det nokre mindre stemner i Bergensområdet der nokre av våre utøvarar deltok. Dei har mest gode resultat.

Etter mykje avlysingar klarte gruppa å arranger Nestleleikane. Dette er ein slags friidrettskule som gjekk over 6 ettermiddagar i perioden august-oktober. I underkant av 40 barn deltok på leikane. Den eine onsdagen var det lagt inn stemne i form av Austevollsleikane. Denne ettermiddagen var det enda fleire deltakrar, og det var eit vellykka arrangement med mykje idrettsglede og mange glade debutantar. I eit år prega av avlyste idrettsarrangement var det veldig kjekt både for arrangør, deltakrar og publikum at det endeleg var idrettsarrangement på anlegget vårt.

Austevolløpet skulle eigentleg vere i oktober for 39. gong, men dette blei og avlyst på grunn av den ustabile situasjonen med Covid-19.

Det har vore ei fin gruppe på trening denne hausten, og ein håpar på større konkurranseaktivitet framover.

Volleyball har i 2020 , hatt eit damelag og eit ungdomslag for jenter i trening.

Grunna Covid-19 har ikkje damelaget fått høve til å melde seg på serie, dei hadde ønske om å prøve seg i serie for damer. Dei har hatt stor oppslutnad på treningane, og fått litt støtte frå Nils Bjarne Dåvøy som trenar frå hausten 2020. Marie M Dåvøy, har vore i morsperm, men har styrt gruppa godt, slik at dei held koken.

Damelaget trener fast tysdagar i hallen frå kl. 19.30-21.00, men retningsliner frå NIF, gjer at dei ikkje alltid har kunna gjennomføre treningar året 2020.

Ikkje alt har vore negativt året 2020, for leiar i volleyballgruppa fekk ein førespurnad på våren, om det var mogleg å starte opp eit jentelag (J15) i volleyball på hausten.

Og me var heldige som fekk tak i Morten H Mortvedt til trenar. Han har 2 jenter sjølv med på jentelaget. Saman fekk han med seg Torbjørn Karlsen i trenergruppa.

Dei har no trening kvar tysdag frå kl. 18.00-19.30 som treningstid, og har vakse seg frå 8-9 jenter i starten til 17 jenter i gruppa i dag.

Jentelaget har hatt ein flott framgang på treninga, og øver mykje på grunnteknikk, og verker som dei synest dette er kjekt. Det er eit flott miljø på treningane og gruppa.



Årsmelding Austevoll Idrettsklubb 2020

Klatring - Klatreåret 2020 starta som normalt med trening både for store og små. Mykje kjekk aktivitet i gruppa med ivrige klatrarar i alle aldrar. Som i alle andre idrettar vart det full stopp i mars. sidan me har mykje delt utstyr i klatregruppa, har det vore vanskeleg å starte opp igjen med tanke på godt smittevern.

Hell i uhell var var at den ivrige klatraren Oda Årland frå Stolmen var heime i ein lengre periode i vår. Ho og fleire har utvikla fleire supre klatrefelt utandørs på Stolmen. No kan ein gå ein fin tur vest for Samsonstykket og klatre heilt ytterst i havgapet. Området har både lette og vanskelege ruter, så her finn ein noko for alle. Ei fantastisk oppleving å klatre med storhavet ved sida av.

På tross av eit år med lite organisert trening, så opplever klatregruppa ei stor auke i interesse for klatring. Born, ungdom, unge vaksne og godt vaksne er klare for eit nytt år med mykje aktivitet.

For å oppretthalde godt smittevern vert aktiviteten i 2021 omorganisert noko. Mindre faste grupper og mykje god klatring!

Symjing - Året 2020 starta godt for symjegruppa. Me fekk arrangert svømmestemnet "Austevoll Open" i byrjinga av mars, der 7 klubbar deltok med til saman 194 deltagarar. Som året før fekk me låne tidskaranlegg frå Hordaland svømmekrets med god rettleiing frå Jan Kenneth Antun og Svein Arild Henne.

Dette året hadde me 6 symjarar som var kvalifisert for LÅMØ, deriblant våre yngste kvalifiserte nokon gang, nemleg Liv og Julia Våge, begge 10 år. Dessverre kom Covid-19 viruset så LÅMØ blei avlyst. All trening i basseng blei og stengt ned. Det medførte at dei i vårsemesteret hadde sin siste trening onsdag 11. mars.

Heldigvis fekk bassenget opne igjen 1. juni, og våre to konkurransegrupper fekk gjennomført fleire treningar før fellesferien i juli. Til hausten blei det starta opp igjen med ordinær trening til alle gruppene, der siste veke med ordinær trening for de fleste var uke 49.

På grunn av mangel på instruktørar har Ole Gabriel Haugland og Maja Bjånes teke på seg ansvaret for fleire av gruppene, noko som har gjort at alle symjarane har fått halde sine plassar ved oppstart i haust. Dette er me veldig takknemlege for. Symjegruppa har hatt 31 instruktørar og trenarar. Me ønskjer og å takke alle våre dyktige instruktørar og trenarar, som har lagt ned stor innsats for å sørge for at undervisninga går mest mogleg som normalt, samtidig som dei passar på at smittevernet er på plass.

Uapproberte stemner har det dessverre ikkje blitt arrangert fleire av etter vårt stemne i mars, mens det for approbert har vore arrangert noko i haust, men då utan publikum. Der har våre symjarar utmerka seg med gode resultatet, blant anna der Klara Nilsen og Silvia Hufthammer kvalifiserte seg til Nordsjøstevnet og deltok der.

Gruppa har hatt både livredningskurs og trenarkurs i Austevollbadet. Linn Benedicte Våge er leiar i symjegruppa og Annette H Tøkje jobbar som administrativ leiar i gruppa. Alf Helge Møgster er nestleiar, i tillegg er Geir Johannessen og Cathrine Nøttveit med i styret.

Året 2020 ble veldig anngleis enn tidlegare år, men me voner ting snart blir meir "normalisert", slik at me igjen kan ha stemner og delta på stemner med publikum.



Årsmelding Austevoll Idrettsklubb 2020

Fotballgruppa - Året begynte normalt med påmelding til serie og cupar. Det var stor aktivitet på anlegget og alle var klar for ein ny sesong.

Nokre lag var heldige og fekk delta på cupar før 12 .mars kom, og alt stoppa opp. Plutseleg var det tomt på anlegget, og me gjekk ei usikker tid i vente.

Det blei verken seriespel eller cupar på vårparten. Dei fleste lag begynte å trene igjen i april, men A-laget vårt som hadde rykka opp til 4.divisjon og B-laget fekk ikkje starte opp igjen med normal treningskultur, og slik er status og den dag i dag.

Sommarcupen som fleire lag hadde glede seg til blei det heller ikkje noko av, og Stjernelaget som hadde glede seg stort til treningsleir i Danmark fekk denne avlyst.

Men treningskulturen og fotballgleda har heldigvis vore til stades i store deler av vår og sommaren, sjølv om det berre har vore treningsaktivitet.

Me er takknemlege for at me har så flotte og flinke trenarar som brukar store delar av fritida si på anlegga våre. Tusen takk for den flotte jobben de gjer!

Heldigvis fekk me arrangert fotballskule i veka før skolestart i august, og denne var som vanlig veldig populær.

I haust var me optimistiske og det vart oppstart av seriespel for barne- og ungdomsfotballen, og det var igjen full aktivitet og fotballglede på Eidsbøen. Dei fleste laga fekk gjennomført seriespelet før det blei stopp igjen i november. Dette gjorde også at fleire lag fekk ein tidlegare avslutning på året enn ønska.

Også fotballfritidsordninga starta opp igjen i haust, og med ei dobling av deltakarar. Dette et tilbod me er stolte av.

Covid-19 har også gjort at me ikkje har fått gjennomført dei tradisjonelle arrangementa som Austevollserien, sesongavslutningar og me fekk heller ikkje arrangert julecupen.

Tross denne uverkelege sesongen og året, så er me utroleg glad for at dei fleste av våre samarbeidspartnerar har hatt vilje og moglegheit til å støtte oss i utfordrande tider.

Austevoll IK har mange medlemmar og målet er at alle skal trivast i klubben. Om ein berre vel å trenar eller om ein ønsker satsa, skal det uansett vera plass til alle.

Administrasjonen takkar alle frivillige og medlemmar for innsatsen og tolmodet i eit spesielt idrettsår. Me håpar og trur at idretten opnar att for fullt ein gong i 2021 så me igjen kan sjå eit fullt idrettsanlegg.

Storebø 19.03.2021

Morten Mortvedt

Leiar

Anne Berith Drønen

Dagleg leiar